

Rotvelta skog i Eikedalen.

10.04.2017



Rotvelta skog ligg over den turmerka stien i Eikedalen.

Ein tur i Eikedalen syner at det er rotvelta tre på ulike plassar. Det siste er godt synleg på Ormahaugen der tre ligg over stien mot Skarvene. Slik fallretninga er på trea må det vera kraftige vindar frå sydaust som påfører slik skade,

Alt inst på Flåtene ligg det grantre over stien. Lenger oppe på moreneryggen inn mot den såkalla Kvilesteinen er det meir samanrasa skog i turtraseen og ved sida av.

Lokalkjend turgåar frå Eik fortel at det til tider kan vera sterke vindar i Eikedalen. Vinden kjem ned Skaret og føl dalen på Englafjellssida. Det er meir rotvelta skog i Eikedalen no enn på mange år.

Granskogen i Eikedalen er planta på 1960 talet.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal